

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Haukeland universitetssjukehus, Bikuben, møterom Finstuen

TIDSPUNKT: 03.11. 2021, KL. 0830 – 1600

.....
Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Marie Skontorp	Medlem
Egil Olsen	Medlem
Jan Erik Nilsen	Varamedlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Inger Cathrine Bryne, administrerande
direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Erik M. Hansen, direktør for E-helse
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det fellesmøte med styret i Helse Bergen HF med følgjande agenda:

- Velkommen v/styreleiar Svein Gjedrem
- Ungdomsrådet – kva er viktig for barn og ungdom no? v/Anass Tanveer
- Vår satsing på barn og ungdom v/Eivind Hansen
- Barn og unge med samansette behov – samhandlingsforløp v/Randi-Luise Møgster og Simon Øverland
- Dei faglege utfordringane og måten vi løyser dei på v/Liv Kleve

- Filmvisning – bli med inn i Glasblokkene v/Eivind Hansen
- Avansert heimesjukehus og vegen til Glasblokkene v/Ansgar Berg
- Oppsummering v/styreleiarar Svein Gjedrem og Einar Strømsvåg

Sak 094/21 Rapport frå Barneombodet – «Jeg skulle hatt BUP i en koffert»

Frå Barneombodet deltok: Barneombod Inga Bejer Engh og prosjektleiar for psykisk helsevernsatsinga Frøydis Enstad. Barneombodet gjekk igjennom funna i rapporten «Jeg skulle hatt BUP i ein koffert»

Oppsummering

Barneombodet sin rapport «Jeg skulle hatt BUP i en koffert» viser at det er utfordringar i psykisk helsevern for barn og unge knytt til vurdering av tilvisingar, behandling og samarbeid med kommunehelsetenesta.

Utfordringane blei forsterka under og etter covid 19 pandemien. Tal tilvisingar og alvor i pasientsakene auka, samtidig som det er mangel på fagfolk og utfordringane med omsyn til rekruttering forverra seg. Helseføretaka i Helse Vest har sett inn tiltak som på kort og på lang sikt er innretta for å imøtekomme utfordringane.

Helse Vest vil i lag med helseføretaka jobbe vidare med innføringa av barn og unges helseteneste, følgje opp tiltak som allereie er sett i gang, og nye planlagde tiltak i handlingsplanen.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til handlingsplanen og ber helseføretaka handlingsplanen til grunn for det vidare arbeidet innan psykisk helsevern for barn og unge.

Sak 095/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Dagsorden:

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Ingeborg Morken hadde meldt forfall til møtet.

Dokument som er ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt:

- Tidsplan for styremøtet

- Sak 101/21 Felles klima- og miljømål med indikatorar i spesialisthelsetenesta

Saker til eventuelt:

Orientering om arbeidsavtalar var meldt som sak til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 096/21 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 30.09. 2021

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 30.09.2021.

Sak 097/21 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Koronaviruset – status i Helse Vest

Per primo oktober er om lag 65% av heile befolkninga i helseregionen fullvaksinerte, og om lag 75% har fått minst ei dose med vaksine . For befolkninga over 18 år er tala om lag 84% fullvaksinerte, og om lag 94% har fått minst ei dose. Det er også starta opp vaksinasjon med ei tredje dose av pasientar med sjukdom i immunsystemet.

Helse Vest RHF vil om kort tid gå i grønn beredskap. Alle fire helseføretak i regionen, Helse Stavanger, Helse Førde, Helse Fonna og Helse Bergen, er no i beredskap.

Årsaka er at fleire pasientar med covid-19 blir lagde inn på sjukehusa. I tillegg aukar talet på personar som får påvist korona. På same tid er fleire born innlagde på sjukehus med RS-virus.

5. Faste stillingar og uønska deltid

Totalt tal tilsette i føretaksgruppa Helse Vest uavhengig av type tilsettingsforhold var 29 487 på det tidspunktet tala blei tatt ut for denne styresaka. Tal faste tilsette utgjør 22 890 medarbeidarar, tilsvarande 77,6 % av dei tilsette.

For føretaksgruppa Helse Vest var det per oktober:

Føretak	Fast tilsette som ikkje har heil stilling	Faste tilsette i heil stilling	Totalt tal tilsette	Del heiltid
Føretaksgruppe	5 595	17 295	22 890	75,5 %
Helse Stavanger	1 551	4 312	5 863	73,5 %
Helse Fonna	954	1 922	2 876	66,8 %
Helse Bergen	2 549	8 602	11 151	77,1 %
Helse Førde	491	1 627	2 118	76,8 %
Sjukehusapoteka Vest	42	212	254	83,5 %
Helse Vest IKT	5	620	625	99,2 %

Føretaka har kontinuerleg tiltak for å nå målet om heile faste stillingar, ein heiltidskultur. Det er likevel viktig å understreke at medarbeidarar har rettigheter til redusert stilling og andre forhold som kan påverke arbeidsgjevar sitt handlingsrom. Det kan vere i periodar med små barn, rett til redusert stilling ved AFP, redusert stilling av andre vektige sosiale forhold. Det har over mange år vore ein betydeleg innsats for å redusere deltidsdelen i føretaka, den frivillige og eventuelt uønska deltida. Viktige tiltak har mellom anna vore at helseføretaka tilbyr alle som har ønskt høgare stilling tilbod om det. Der ein eining ikkje har kunne løyse det innafor eigen eining, har tilbod vore gitt i kombinasjon med tilknytning til internt bemanningssenter ol. Helse Vest har frå 2006 stilt krav om å arbeida aktivt for få fleire heile faste stillingar og utvikle ein kultur for heiltidsarbeid i oppdragsdokumenta/styringsdokument.

Eit viktig tiltak har vore etablering av interne bemanningssentra og moglegheit for alle til å registrere sine ønskjer i Heiltidsmodulen. Modulen gir leiar oversikt over kven dette gjeld, kva og når den enkelte medarbeidar ønsker høgare stilling.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 098/21 Rapportering frå verksemda per september 2021

Oppsummering

Målekort

Målekort Helse Vest - september 2021		Nasjonale mål	Denne periode		Måloppnåelse	Hittil i år		Måloppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	60	71	50		65	50	
	Ventetid - VOP	45	42	40		40	40	
	Ventetid - BUP	40	56	35		47	35	
	Ventetid - TSB	35	26	30		28	30	
	Andel kontakter passert planlagt tid	10,50 %						
	Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer	78 %				76 %		
	Korridorpasienter somatikk	1,80 %		0		0		
Aktivitet:			Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret	
Somatikk	Døgnopphold	14 275	13 702	4,2 %		120 252	113 215	6,2 %
	Dagopphold	6 521	6 029	8,2 %		48 538	42 953	13,0 %
	Poliklinikk	123 756	118 166	4,7 %		989 901	874 182	13,2 %
Psykatri	Døgnopphold	812	716	13,4 %		7 425	7 274	2,1 %
	Dagopphold	70	85	-17,6 %		658	737	-10,7 %
	Poliklinikk	46 677	43 069	8,4 %		362 226	334 607	8,3 %
TSB	Døgnopphold (ekskl. private)	109	107	1,9 %		1 105	1 144	-3,4 %
	Dagopphold	1	4	-				

Ventetider for somatikk (behandla) var i august på 71 dagar, noko som er vesentleg høgare enn gjennomsnittet hittil i år på 65 dagar, og det regionale målkravet på 50 dagar. Ventetider innan psykisk helsevern vaksne var på 42 dagar, som er 2 dagar meir enn gjennomsnittet hittil i år på 40 dagar. Akkumulert per september er ventetider for psykisk helsevern vaksne på nivå med det regionale målkravet. Ventetider for psykisk helsevern for barn og unge var i august på 56 dagar, noko som er vesentleg høgare enn målkravet på 35 dagar og gjennomsnittet hittil i år på 47 dagar. Ventetider for tverrfagleg spesialisert rusbehandling låg i august på 26 dagar, som er 2 dagar betre enn gjennomsnittet hittil i år på 28 dagar og 4 dagar betre enn det regionale målkravet.

Prosentdel fristbrot er framleis høg på 7,1%. Det er stor variasjon mellom føretaka og nær 99% av fristbrot er innanfor somatikk.

Resultatet akkumulert pr. september viser eit positivt avvik i forhold til budsjett. Årsresultatet til føretaksgruppa er forventa å bli om lag som budsjettet, med unnatak av budsjettavviket som knytte seg til Covid-19-løyvinga frå 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. september 2021 til etterretning.

Sak 99/21 Oppfølging av avansert oppgaveplanlegging

Oppsummering

Oppgaveplanlegging, planlegging og gjennomføring av aktivitet er eit leiaransvar. For å få til gode føreseielege, samanhengande, heilskaplege og planlagde pasientforløp krevjast det god planlegging og oppgåvedeling i einingane. Det er og eit viktig tiltak for samspel mellom fagmiljøa der pasientar har forløp som involverer meir enn eit fagområde. Føretaka har i stor grad lagt opp til ein «hjelp til sjølvhjelp»-strategi, der hovudfokuset er å leggje til rette for at einingane sjølv kan drive sitt eige utviklingsarbeid.

Avansert oppgaveplanlegging er ein kulturendring og som krev mange endringar i korleis ein planlegg og fordeler oppgåver, korleis andre enn klinikarar kan bidra til å leggje best mogleg til rette. Ein skal gå frå personleg planlegging til planlegging i team, der ein fordeler oppgåver på nye måtar. Det er svært krevjande, og tar tid. Pandemien har i periodar påverka framdrifta i gjennomføringa. Mange fag har endra korleis dei kunne gjennomføre aktiviteten, alt frå låg elektiv aktivitet, overgang til meir normal drift. Det regionale prosjektet har tatt omsyn til dette i oppfølginga. Nokre einingar har i pandemien jobba aktivt for å vere klar til meir normal drift igjen.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret meiner at avansert oppgaveplanlegging er ein viktig metodikk for føretaksgruppa, og arbeidet med dette skal halde fram. Det krev engasjement på alle nivå i heile føretaksgruppa, der leiarar har eit særskilt ansvar.
2. Styra i helseføretaka bør vere orienterte om framdrift og kva som er status og utfordringar med gjennomføring i sitt føretak.
3. Styret blir orienterte på sentrale KPI-ar i tertialrapporteringa.

Sak 100/21 Koronakommisjonen sin rapport og vidare beredskapsplanarbeid

Oppsummering

Koronakommisjonen sin rapport NOU 2021:6 *Myndighetenes håndtering av koronapandemien* tar først og fremst for seg nasjonale myndigheter si handtering av pandemien. Det er likefullt mange læringspunkt for spesialisthelsetenesta som vil bli lagt til grunn for det vidare beredskapsarbeidet i Helse Vest. Fleire læringspunkt er samanfallande med læring frå *Overordna regional del-evaluering. Hending: pandemi 2020 - COVID-19*.

Regional helseberedskapsplan for Helse Vest 2019-2021 blir revidert i tråd med både desse læringspunkt og andre erfaringar. Det er behov for at gjeldande plan får forlenga varigheit til revidert planverk er på plass.

Det blir parallelt arbeid med utvikling av ei regional kompetansepakke, spesielt retta mot beredskapsleiing. Eit e-læringskurs i proaktiv metode er allereie utarbeidd og tilgjengeleg i Helse Vest sin læringsportal.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret tar informasjon om læring etter koronakommisjonen sin rapport «Myndighetenes håndtering av koronapandemien» til orientering.
2. «*Regional helseberedskapsplan for Helse Vest – 2019-2021*» vil bli revidert med grunnlag i læringspunkt frå både pandemihandteringa og andre øvingar og hendingar. Noverande regionale helseberedskapsplan for Helse Vest vil gjelde fram til revidert plan er godkjent.
3. Styret tar informasjon om kompetanseheving for beredskapsleiing til orientering.

Sak 101/21 Nasjonale miljømål for spesialisthelsetenesta

Saka er felles for alle 4 helseregionar og difor ikkje på nynorsk.

Oppsummering

Saken omhandler felles klima- og miljømål og indikatorer for spesialisthelsetjenesten. Indikatorene er beskrevet i en tverrregional indikator katalog og inngår i felles sjekkliste til bruk i årlig oppfølgingsmøte mellom helseforetak og regionalt helseforetak i Helse Nord, Helse Midt-Norge, Helse Vest og Helse Sør-Øst.

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtar felles klima- og miljømål med indikatorer i spesialisthelsetjenesten.

Sak 102/21 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Leiar av RBU oppsummerte frå fellesmøte med alle brukarutval i føretaksgruppa og førre møte i Regionalt brukarutval.

I forhold til den regionale satsinga på psykisk helse og rus, pågår det eit arbeid med å mobilisere pasient og brukarorganisasjonar i dette.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 103/21 Eventuelt

Orientering om arbeidsavtalar

Styreleiar orienterte om gjeldande arbeidsavtalar for medarbeidarar i Helse Vest RHF

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa om arbeidsavtalar til orientering.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Brev frå Kvinne- og familieforbundet Sogn og Fjordane krins 08.10.2021 – Uttale ambulansetjenester i Helse Førde (prehospitale tenester)

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 03.11.2021 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
-----------------	------------

Olin Johanne Henden	Nestleiar
---------------------	-----------

Sett:

Ingeborg Morken	Medlem
-----------------	--------

Gunnar Berge	Medlem
--------------	--------

Sigurd Hille	Medlem
--------------	--------

Pernille Lysaker	Medlem
------------------	--------

Egil Olsen	Medlem
------------	--------

Wenche Kristin Røkenes	Medlem
---------------------------	--------

Marie Skontorp	Medlem
----------------	--------